

Klinisk etikk komité har som hovudoppgåve å stimulere til systematisk etisk refleksjon blant tilsette i føretaket, og vere til hjelp ved drøfting av konkrete etiske utfordringar.

Denne årsmeldinga fortel om arbeidet som har vore gjort i utvalet i 2021, med informasjon om kva saker som har vore drøfta dette året.

Årsmelding for Klinisk etikk komité

Helse Førde 2021

Helge Sårheim, leiar

Innhold:

1. Samandrag
2. Medlemer i Klinisk etikk komité
3. Arbeid og saksmengde
 - a. Møteverksemd og arbeidsmetode
 - b. Saker til drøfting og vedtak
 - c. Saker til informasjon
4. Særskild omtale av pasientsaker som er drøfta i KEK
5. Økonomi
6. Evaluering av 2021 og plan for 2022

1. Samandrag

Klinisk etikk komité har som hovudoppgåve å stimulere til systematisk etisk refleksjon blant tilsette i føretaket, og vere til hjelp ved drøfting av konkrete etiske utfordringar. Denne årsmeldinga fortel om arbeidet som har vore gjort i utvalet i 2021, med informasjon om kva saker som har vore drøfta dette året.

2. Medlemer i Klinisk etikk komité i 2021

Rolle	Namn	Tittel	Eining
Leiar	Helge Sårheim	Leiar, overlege	Kreftavd. Med.klinikk
Medlem	Bård Eikeset	Føretaksjurist	Stabsområde
Medlem	Helene Langeland f.o.m. mai	Sjukehusprest	HR-avd., Stabsområde
Medlem	Einar Skudal t.o.m. april	Sjukehusprest	HR-avd., Stabsområde
Medlem	Magne Sellevold	Brukarrepresentant	Brukarutvalet
Medlem	Ingunn Heggstad	Sjukepleiar	Med. LSH, Med.klinikk
Medlem	Vigdis Årdal Sæterlid	Sjukepleiar	Kreftavd., Med.klinikk
Medlem	Elin Bruland	Spesialsjukepleiar	Med.avd. Med.klinikk
Medlem	Rune Hørgård Tilseth	Overlege	Med.avd. Med.klinikk
Medlem	Jon Sverre Arnestad	Overlege	Med.NSH Med.klinikk
Medlem	John Andor Ellingsund	Områdeleiar	AAM AMB, Kir.klinikk
Medlem	Rune Arild Larsen	Overlege	AAM lege, Kir.klinikk
Medlem	Wenche Hårklau Vallestad	Seksjonsleiar/spl.	AAM INT, Kir.klinikk
Medlem	Ole-Magnus Kapstad	Overlege	Psyk. klinikk, PHV
Medlem	Hanne Østenstad	Sosionom	Akutt døgn, PHV
Medlem	Nikolai Fuglseth	LIS-lege	BUP, PHV
Vara	Lene Kristin Grønsberg	Brukarrepresentant	Brukarutvalet
Sekretær	Irene Barmen Hoel	Rådgjevar	Stabsområde

3. Arbeid og saksmengde

a. Møteverksemd og arbeidsmetode

Denne komiteen starta arbeidsperioden sin i 2021. KEK har ei arbeidstid på tre år, og skal fungere ut 2023. KEK har hatt åtte ordinære møte i 2021, pluss eit ekstramøte om ei pasientsak som hasta. Det var fem møte i vårhalvåret og fire møte i hausthalvåret. KEK arrangerte også eit miniseminar over to halve dagar i oktober.

KEK har hatt ansvar for eitt fredagsmøte i oktober, der førelesaren på miniseminaret stod for undervisninga. To møte er blitt avlyst, då det ikkje var komne inn aktuelle saker.

Leiar og sekretær har hatt eit planleggingsmøte før kvart møte i utvalet. KEK har dette året drøfta fire saker der pasient/pårørande/eksternt helsepersonell var invitert med i møtet, og dei har då fått høve til å ta del i saksframstillinga. Dei som har teke del i møta har gitt tilbakemelding om at drøftinga i KEK var verdifull for dei.

Alle drøftingar i KEK går føre seg ut frå Senter for Medisinsk Etikk, SME, sin 6-trinns modell:

1. Kva er det etiske problemet
2. Fakta i saka
3. Involverte partar og deira syn i saka
4. Verdier og prinsipp
5. Lover og retningslinjer
6. Handlingsalternativ

Til slutt kjem KEK med ein konklusjon i sake i høve det etiske problemet. KEK gjer det tydeleg at vår uttale ikkje har nokon instruksjonsrett overfor dei involverte partane. Dei som er partar står fritt til å legge vekt på denne konklusjonen, men dei kan òg velje å sjå bort frå han. Dersom melder ønskjer at konklusjonen eller saksgjennomdrøftinga skal journalførast i pasientjournalen er det melder sitt ansvar å gjere dette. KEK drøftar sakene anonymt så langt råd er og har ikkje innsyn i journal. Komiteen ser òg at konklusjonen i saka kanskje ikkje alltid er det viktigaste, men den prosessen som alle deltakarane blir invitert inn i når ein drøftar ei vanskeleg sak så grundig.

Medlemer frå KEK har teke del på ulike seminar på SME. Kursdeltakinga har vore slik:

- Digitalt kurs i referatskriving i april/mai: Helge, Hanne og Irene
- Nasjonal nettverksdag for etikk-rettleiarar i juni: Vigdis, Elin, Irene, Hanne, Ingunn og Helene.
- Innføringskurs i praktisk etikk i oktober, fysisk frammøte: Elin
- Haustseminar på SME i november, fysisk frammøte: Helge

b. Saker til drøfting og vedtak

- Årsmeldinga frå 2020, som er lagt ut på SME sine nettsider
- Utarbeiding av møteplan for 2021 og budsjett for 2022
- Evaluering av arbeidet i KEK
- Deltaking på seminar ved SME

c. Saker til informasjon

- Kurs og seminar som vert arrangert av SME
- Innkjøp av bøker om etikk
- Referat frå seminar

4. Særskild omtale av pasientsaker som er drøfta i KEK

Ein pasient ønska sjølv å bestemme kva behandling som skulle gjevast

Ein yngre pasient kom til Helse Førde og informerte om fleire diagnosar som var sett i andre føretak. Pasienten sperra journalen frå innsyn til tidlegare sjukehistorie, og dermed fekk ikkje legane innblikk i vurderingar som var gjort. Pasienten kravde å få behandling heime, medan legane ikkje fann at det var rett medisinsk behandling og kunne vere skadeleg. Pasienten hadde lite krefter til kommunikasjon, derfor var det ein pårørende som kommuniserte med helsepersonellet. Dei ønskte ikkje nye undersøkingar som kunne stadfeste eller avkrefte diagnosane pasienten refererte til (men som ein ikkje fekk meir kjennskap til pga. sperra journalar). Vedkommande ønskte heller ikkje vurdering av psykisk helse. Saka blei drøfta i to møte i KEK, og i eit møte med SME. Konklusjonen var at ein må vege «ikkje-skade-prinsippet» opp mot «gjere-vel-prinsippet». Behandlinga som pasienten ønskjer står i fare for å bli gitt på sviktande grunnlag, og denne behandlinga kan vere fagleg uforvarsleg og skadeleg for pasienten. Avdelinga arbeider vidare med å få best mogleg dialog med pasienten.

Om å gje Covid-19 vaksine med tvang til pasient utan samtykkekompetanse

Ein pasient utan samtykkekompetanse er redd for sprøyter, og kan utagere. Pasienten er i risikograppa for alvorleg sjukdom av Covid-19. Kvart år er pasienten i narkose for annan behandling. Er det rett å gje vaksinen medan pasienten er i narkose? Kor stor må risikoen vere for alvorleg sjukdom for å forsvare bruk av tvang til å setje vaksinen? KEK vurderte at den første sprøyta kunne gjevast under narkosen.

Om å gje aktiv akutt livsforlengande behandling til ein pasient i vegetativ tilstand

Ein pasient fekk alvorleg hjerneskade for fleire tiår sidan. Pasienten bur på sjukeheim og er utan verbalt språk. Tilsette ser at tårer trillar når pasienten høyrer musikk frå ungdomen, elles gjev han ingen teikn til kontakt. Pasienten har dei seinare åra ofte hatt aspirasjonspneumoniar og sepsis. Er det rett å sende pasienten til sjukehus for behandling, eller bør pasienten få antibiotika på PEG på sjukeheimen, utan transport til sjukehus? KEK vurderte at pasienten kan få god akuttbehandling på sjukeheimen utan innlegging i sjukehus.

Vurdering av kor lenge ein skal gje livsforlengande behandling til eit lite barn som har store lidingar

Eit lite barn har ein alvorleg sjukdom med kort forventad levetid. Barnet er for det meste på sjukehus. Når lidingane er verst, er einaste lindring å gje barnet sovemedisin. Ved store smerter, bit barnet hol på fingrane sine. KEK vurderte at det kan vere rett å avstå frå HLR og langvarig respiratorbehandling, altså å avgrense livsforlengande behandling.

Assistert befruktning til ei multifunksjonshemma kvinne

KEK konkluderte med ein tilråding om at det blir gjort ei fagleg vurdering av omsorgsevna til mor, sidan ho har såpass store fysiske utfordringar. Vidare tilrådde ein å sjekke ut med heimkommunen om kva dei kan stille opp med av døgnbemanning før avgjerda blir teken.

Informasjon til barn om genetisk opphav

Leiar var på seminar med SME, der han presenterte ei sak frå vårt KEK i 2020. Denne blei drøfta på seminaret, der leiar fekk innspel til fleire moment i saka. Saka blei deretter drøfta på nytt i KEK, der ein tok med innspela frå seminaret på SME. *Mor har nytta eggdonor, men vil ikkje at barnet skal få informasjon om det. Er det rett å late vere å journalføre opplysning om genetisk opphav for barn?* Ny konklusjon i saka: Barn fødte etter bruk av donoregg eller –sæd har innan dei er 15 år rett til å kjenne donors opphav. Det er foreldra som har ansvar for å gje denne informasjonen. Opplysning om genetisk opphav er notert i journalen til dette barnet. KEK tilrår at denne informasjonen vert gjort ikkje synleg i DIPS. KEK tilrår at barneavdelinga ser på nye rutinar kring journalføring av genetisk opphav.

5. Økonomi

Det viser seg at ikkje alle utgifter er komne med i rekneskapen for KEK, rekneskapen viser utgifter på om lag kr. 6.000 utanom godtgjersle til leiar på kr. 50.000. Budsjettet var på kr. 150.000. KEK har prosjektnummer 1000706. Det har vore lite utgifter til reiseverksemd på grunn av pandemien. Medlemer i utvalet har vore på to reiser til Oslo, med overnatting. Desse utgiftene er ført andre stader.

6. Evaluering av 2021 og plan for 2022

Arbeidet i Klinisk etikk komité har også dette året vore interessant og lærerikt. Det blir heile tida arbeidd med å auke kompetansen i utvalet, gjennom deltaking på kurs med SME, og drøfting i utvalet om ulike metodar. Det er ei utfordring at det er lettare å ha fokus på dei medisinske utfordringane enn på dei etiske utfordringane. Dette er

noko som blir arbeidd med. Det blir også arbeidd med korleis KEK skal gjerast kjent i føretaket. Vi har òg drøfta å få til ei oppdatering av sida på intranett med informasjon om utvalet.

- To medlemer i KEK har delteke på EVU-kurset: «Teorier og metoder i helseetikken» - digitalt (Etter- og videreutdanningskurs)
- Eit medlem har teke 10 studiepoeng gjennom UIO/SME «Veiledning av etikkrefleksjon i helsetjenesten» og «Ethiske utfordringer i møte med pasienter og pårørende».
- Leiar har hatt eit oppslag på nyhendesida på intranett med informasjon om KEK
- Det er oppretta etikkrefleksjonsgrupper, ERG, på medisinsk avdeling og i psykisk helsevern. Desse gruppene kan førebygge slitasje og moralsk stress hjå medarbeidarane. Det er også målet for alt etikkarbeid.
- Fem tilsette som er med i etikkrefleksjonsgrupper reiste til SME i Oslo for å delta på kurs om etikk, ein av desse er medlem i KEK
- På gruppesamlingar for LIS1 blir 6-trinnsmodellen presentert
- På gruppesamlingar for LIS2 er etikk eit av læringsmåla. Også her er 6-trinnsmodellen presentert

Planen for 2022 er:

- Å halde fram med å auke kompetansen for å kunne gjere gode etiske refleksjonar av dei ulike sakene
- Opprette fleire etikkrefleksjonsgrupper
- Få god informasjon om arbeidet i KEK på intranett
- Gjere KEK kjent i alle einingar i føretaket gjennom informasjon på intranett og eventuelt ved bruk av føretaket si facebookside
- At medlemmane i utvalet gjennomfører kurset i etikk som ligg i Læringsportalen